Statens vegvesen

Referat

Dato: 14.10.2011
Tid: Kl. 1000-1200
Referent: Kjell Grønsberg

Sted: Killengreensgt. 6, Tromsø (videokonferanse)

Til stede: Statens vegvesen: Stein Johansen, Edel Austlid, Kjell Grønsberg
Balsfjord kommune: Viggo Jørn Dale
Fylkesmannen i Troms: Cathrine Henaug, Inge Berg
NVE: Eva Forsgren, Stian Kanstad, Gunnar Kristiansen

AVKLARING E6 NORDKJOSBOTN – STORFJORD GRENSE
Med bakgrunn i vedtak frå formannskapet i Balsfjord den 14. september, vart det halde møte for drøfting og vidare avklaring av E6 Nordkjosbotn – Storfjord grense. I forkant av møtet vart det sendt notat med forslag til vidare tilnærming.

Planleggingsleiar orienterte kort om utvikling i saka frå i vår. Viggo J. Dale supplerte innleiingsvis med at politikarane ynskjer meir utfyllande informasjon om dei ulike alternativ.

Prosjektsjef Stein Johansen sa det var uaktuelt å gå i gang med ny kommunedelplan ettersom dette ville utsetta bygging av ny E6 på ubestemt tid. Det er heller ikkje aktuelt å utarbeide nytt planprogram.

I møtet kom det fram følgjande:
Fylkesmannen gjorde det klart at flytting av veglinja for alt. 2 med større avstand frå Nordkjoselva ikkje vil endra saka med varsel om innsigelse til reguleringsplanen. Fylkesmannen oppfattar kunnskapen som tilstrekkeleg til ikkje å tilrå alternativet. Tilnærminga bør heller vere å koma i dialog med innbyggarane langs dagens E6 for korleis ny veg best kan tilpassast lokale behov.

NVE ser heller ikkje at flytting av veglinja vil endra noko jamfør varsel om innsigelse. Nordkjosdalen er trang og det er også store flommarksmiljø rundt samløpsområder, som gjer det vanskeleg å unngå berøring av vassdraget. For meir presis tilbakemelding om influensområde mv. for elva, vil NVE ha behov for ny veglinje. Til alt. 3 kom NVE med forslag om at ein heller kunne bygga tunell i området der konfliktane er størst.

Balsfjord kommune ser også det viktige med dialog med bebuarane i området. Slikt møte må koma i stand før ny høyring av kommunedelplanen. Det er omkring 15 eigedomar som er mest berørt av alt. 3, og det var med omsyn til desse at vedtaket falt på alt. 2. Dialog ikring avbøtande tiltak, mv. er avgjerande for å oppnå løysingar. Ifølgje kommunen vart ikkje

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Lagårdsveien 80
4011 STAVANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

innbyggarperspektivet og innbyggaranes interesser vektlagt tilstrekkeleg ved utarbeiding av kommunedelplanen. Ved ny høyring av kommunedelplanen må desse perspektiva prioriterast enda sterkare. Balsfjord kommune meiner Statens vegvesen må vere villig til å strekka seg lenger i høve til bebuaranes krav mht. erstatning/kompensasjonar/avbøtande tiltak dersom det syner seg at ny trasè vert lagt langs alt. 3.

Oppsummering:

- Vegvesenet vil utarbeide forslag til samlevegar, atkomstvegar, overgangar mv. etter alt. 3, og drøfta aktuelle avbøtande tiltak med bebuarane før høyring av eksisterande kommunedelplan.
- Ifbm. ny høyring vil vegvesenet legga ved notat med supplerande svar for alt. 2 og aktuelle tiltak for alt. 3. Forslaget om tunnel gjennom Smørpundfjellet blir vurdert.

Ref. Kjell Grønsberg